

Vigra – eit kraftsentrum i vår nasjonale soge.

Vil kringkastinga rekonstruere dei spanande aprildagane i 1940 ved eit storfelt radioprogram frå Sunnmøre?

Historia om ”Køningsbergsendaren” som vandra til Vigra via Rovaniemi.
Arthur Klæbo fortel Sunnmøre Arbeideravis om aktuelle kringkastingssaker

Det var eit namn som sveiv over vatnet i tida før krigen. Namnet låg alltid i lufta og heile nasjonen kjende det. Det var redaktør Arthur Klæbo. Vi må seie vi har sakna han i lang tid no. Han svann liksom bort ei tid og folk flest trudde at fuglen hadde flogt sin veg. Men så råka vi rett fram på han her i Ålesund nett no. Arthur Klæbo har sjølv plaga så mang ein stakkar med intervju, at no skal turen kome til han. Og vi spør og han svarar.

- Fortel oss første kva du ferdast i no.
- Eg er komen hit for å legge siste hand på eit kringkastingssprogram som eg har arbeidd med ei tid om Vigra.

- Vigra atter i frågan altså?
- Ja Vigra er alltid i frågan. Eg har i alle tider tykt at Vigra har vore eit kraftsentrum, først i den gamle sunnmørssoga, og så no, ikkje minst no i vår nyare soga. I sjølve aprildagane 1940 var det ei veldig interesse kring Vigra som kringkastar av dei dramatiske hendingane då. Så vart det brått brot der ved sjølve krigshendingane. Men Vigra vart transithamn for utlandet. Her gjekk Shetlandsruta ut, veit vi. Og Vigra er såleis blitt midtstaden både i den gamle og den nye soga vår.

Lektor Kristian Langlo gjorde eit framifrå arbeid i krigsdagane og slutten vart så dramatisk som vel nokon kringkastingssmann kunne ynskje seg det, når galt skulle vere.

-
Vi bed Klæbo orientere oss litt om Vigrasendaren.

- Den gamle Vigrasendaren som var på 100kW høyrdes over heile landet. Han rakk over alle hav her i nord og nede i hovudstaden var det alltid ein hugnad å høyre Vigra.

- Korleis vert den nye sendaren?
- Jau, den nye sendaren er vel litt av ein sensasjon for så vidt det er den sendaren som kringkasta frå Køningsber og no er komen hit på ein eventyrleg måte.

- Korleis bar det til?
- Jau, ser du. Då russarane gjekk fram gjennom Baltikum, måtte Køningsbergsendaren ”ambulere” til Rovaniemi i Finland, men han heitte framleis Køningsberg. Så rulla materiellet vidare på mange bilar heilt hit, og framleis heitte han Køningsberg. Det er stutt sagt det som er å seie om dette. Eg såg elles at Stinessen fortalde litt om sendaren i går i bladet Dykkar. De får helse han, Stinessen altså, seier Klæbo med sunnmørsk voldapatos.

- Lesarane må få vite litt om Dykk. De arbeider gjerne i kringkastinga med det same som før?

- Ja, for så vidt. Berre med det unntak at programbladet ikkje kjem ut no. Det skal forresten kome ut att, men det er ikkje teke nokon avgjerd om korleis.

- Kva meiner så De om norsk rikskringkasting i tida framover?

- Kringkasting har no ein så dugande stab av medarbeidarar, at når programorganisasjonen er ferdig, vil det kunne lage program som står fullt på høgd med det som vi elles høyrer i eteren.

- Bygdene, kjem dei til orde i kringkastinga?

- Riksprogramsjefen si line er velkjend frå før. Ein kan trygt lite på at ikkje berre Oslo kjem til orde i mkrofonen, men heile landet elles. Bygden hører no på ein måte med til fedrelandet og.

Men tida er knapp, og til slutt kan eg nemne, at redaktør Øksnevad er komen heim med ein heil stab veltræna medarbeidarar og mykje godt program. Han skrytte veldig av Ålesund forresten, og eg lurar på om vi bør nemne han ut til æres-sunnmøring!

B-rand.